



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 15/8040-9

Forvaltningsrevisjon - Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg - rapport

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg vert teken til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å:
 - a. Få etablert eit internkontrollsysteem i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (§4), og at ansvar og oppgåver i medhald av forskrifter blir tydeleggjort.
 - b. Sikre at det alltid blir fatta enkeltvedtak i samsvar med reglane i forvaltningslova, i saker der elevar eller foreldre, eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve (jf. opplæringslova. § 9a-2, 4. ledd)
 - c. Sørge for etablering av nytt planlagt FDV-system.
3. Fylkestinget ber også fylkesrådmannen vurdere å operasjonalisere dei overordna måla som er sett for bygge- og eigedomstenesta sitt arbeid i tillegg til å vurdere utarbeiding av strategi for det vidare arbeidet med universell utforming ved skulane, som mellom anna inneholder gjennomføringsplan og prioritering av tiltak.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga av forvaltningsrevisjonen og status for vidare arbeid innan utgangen av 2016.

Vedlegg:

- Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Undersøkinga som Deloitte AS har utført i samband med forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fylkeskommune viser at det fysiske miljøet i all hovudsak samsvarer med krav i opplæringslova kapittel 9a og i samsvar med sentrale krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Samtidig viser undersøkinga at fylkeskommunen på enkelte område har eit forbetringspotensial, som har resultert i tilrådingar om tiltak for forbeting av tilstanden ved dei vidaregåande skulane i fylket.

2. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok revidert plan for forvaltningsrevisjon 11.06.20414 i FT-sak 4/14. I planen var forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg prioritert som prosjekt nr. 4.

Kontrollutvalet vedtok å bestille forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i KU-sak 32/15 i møte 26. august 2015. Bestillinga

Prosjektplanen for revisjonsprosjektet vart vedteken 1. oktober 2015 i KU-sak 40/15.
Grunnen for at saka er fremja

Historikk - tidlegare vedtak

Sentrale problemstillingar

Andre opplysningar

3. Vurderingar og konsekvensar

Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke i kva grad Sogn og Fjordane fylkeskommune har føremålstenlege system og rutinar for å ivareta eit godt og verdibeverande vedlikehald av fylkeskommunale skulebygg. Vidare har det vore eit føremål å undersøke i kva grad fylkeskommunen etterlever regelverk, og følgjer opp eventuelle fylkeskommunale målsettingar og vedtak, som omhandlar de t fysiske miljøet i skulebygga.

Det vart på bakgrunn av bestillinga frå kontrollutvalet og føremålet med prosjektet utarbeidd følgjande hovudproblemstillingar:

1. I kva grad etterlever fylkeskommunen regelverk som gjeld det fysiske miljøet på dei vidaregåande skulane i fylket?
2. Har fylkeskommunen eit internkontrollsysteem som bidrar til å sikre eit godt fysisk miljø på dei vidaregåande skulane?
3. I kva grad sikrar fylkeskommunen eit verdibeverande vedlikehald av skulebygga?
4. I kva grad tilfredsstiller skulebygga krav til universell utforming?

Under kvar av desse hovudproblemstillingane vart det utarbeidd ein del underliggende problemstillingar. Desse er å finne i rapporten kap. 1.2.

Avgrensingar

Fylkeskommunen er eigar av skulebygg, administrasjonsbygg og kulturbygg. Forvaltningsrevisjonsprosjektet et avgrensa til å omhandle skulebygg. Prosjektet har ikkje omfatta målingar av inneklima eller andre fysiske undersøkingar av bygningsmassen.

Metode

Prosjektet er gjennomført i samsvar med standard for forvaltningsrevisjon, RSK 001.

Det er nytta dokumentanalyse av interne rutinar, regelverk etc. I tillegg er statistikk frå Kostra og resultat frå elevundersøkinga nytta som bakgrunnsinformasjon for å belyse problemstillingane.

Det er også nytta intervju og spørjeundersøkingar for å få tilstrekkeleg med innsamla informasjon som grunnlag for prosjektet.

Alle intervjua er verifiserte, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjua som er nytta i rapporten. Faktadelen av rapporten er verifisert av fylkesrådmannen, som også har hatt rapporten til høyring.

Revisjonskriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er i hovudsak henta frå opplæringslova (oppl.), folkehelselova, diskriminerings- og tilgjengeleghetslova og kommunelova, og er dei krav og forventningar forvaltningsrevisjonsobjektet skal vurderast opp imot.

Revisor sine vurderinger og tilrådingar

Undersøkinga som revisor har gjort viser at skulebygga ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane i all hovudsak har eit fysisk miljø som er i samsvar med krav i opplæringslova kapittel 9a, og i samsvar med sentrale krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Vidare er det revisjonen si vurdering at ansvarsdelinga mellom eigar, forvaltar og brukarar av skulebygga, når det gjeld forhold knytt til det fysiske miljøet, er tydeleg.

Revisor peikar likevel i sine vurderinger på nokre område med forbetringspotensial. Etter revisor si vurdering manglar fylkeskommunen eit tilfredsstillande internkontrollsysteem for å sikre at skuleeigar og skuleiarane sine oppgåver i mehald av forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular vert ivaretake. Basert på rektorane sine svar i spørjeundersøkinga stiller revisor spørsmål ved om det blir fatta enkeltvedtak, i samsvar med krav i oppl. § 9a-2, i tilfelle der det vert bedt om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve. Revisor peikar også på at fylkeskommunen, etter deira vurdering, manglar eit tilfredsstillande avvikssystem knytt til vedlikehald og inneklima i skulebygga.

Revisor peikar på at operasjonalisering av måla som er sett for bygge- og eigedomstenesta sitt arbeid vil bidra til eit tydlegare styringsgrunnlag, og rår fylkeskommunen vurdere slik operasjonalisering. Det vert også i rapporten rådd til at fylkeskommunen vurderer utarbeiding av ein strategi for det vidare arbeidet med å sikre universell utforming ved skulebygga, som inneheld gjennomføringsplan og prioritering av tiltak.

Høyring

Fylkesrådmannen har hatt rapporten til høyring, og høyringsuttalen ligg ved rapporten som vedlegg nr. 1.

Fylkesrådmannen skriv mellom anna at det er starta opp eit arbeid for å tydeleggjere ansvar knytt til krava i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular i kvalitets- og rutinehandboka.

Fylkesrådmannen er samd med revisor i at det skal fattast enkeltvedtak når det blir bedt om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve, men at ei forklaring på svara i spørjeundersøkinga, som viste at det ikkje alltid vart fatta enkeltvedtak, kan vere at undersøkinga var utført på ei tid med fleire relativt nye rektorar. Desse hadde på det tidspunkt i følgje fylkesrådmannen ikkje gjennomført alle deler av internopplæringa.

Det blir i rapporten opplyst at det er starta ein prosess for å skaffe eit nytt FDV-system som også skal innehalde ein avvikskomponent, der det skal vere mogleg å registrere manglar, avvik og gjennomførde kontrollar. I høyringsuttalen skriv fylkesrådmannen at dette vil legge til rette for at brukarane av eit skulebygg kan registrere avvik direkte til systemet og få tilbakemelding når avvik er lukka.

Fylkesrådmannen skriv i høyringsuttalen at han, som revisor peikar på, kan vurdere å operasjonalisere måla for bygge- og eigedomstenesta sitt arbeid, men innanfor eit kost/nytte perspektiv.

Fylkesrådmannen har i si overordna målsetting fastlagt at det skal takast omsyn til universell utforming i heile den fylkeskommunale verksemda. Etter revisor si vurdering har fylkeskommunen god oversikt over status for universell utforming ved dei vidaregåande skulane. Fylkesrådmannen skriv i sin uttale at dagens strategi og fokus på området i utgangspunktet vert vurdert som tilfredsstillande.

Kontrollsjefen sine vurderinger

Revisor peikar på at skulebygga ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane i all hovudsak har eit fysisk miljø som er i samsvar med krav i opplæringslova kapittel 9a, og i samsvar med sentrale krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Undersøkinga som er utført i samband med forvaltningsrevisjonen av vedlikehald og inneklima viser også at det er enkelte forbettingspotensial når det gjeld dette området. Revisor har i sine konklusjonar kome med nokre tilrådingar om tiltak til forbeteringar. Kontrollsjefen vurderer tiltaka til å vere føremålstenelege og føre til forbeteringar for vedlikehald og inneklima ved dei vidaregåande skulane i fylket, og vil tilrå gjennomføring av dei tre første tiltaka i rapporten, presentert i tilrådinga i saka pkt. 2 a-c. Det vert tilrådd ei vurdering av dei to siste tiltaka i rapporten frå Deloitte i pkt.3 i tilrådingane i saka.

4. Konklusjon

Revisor skriv i rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima at dei vidaregåande skulane i fylket i all hovudsak har eit fysisk miljø som er i samsvar med relevant lov- og regelverk. Men det er forbettingspotensiale, og det vert tilrådd tiltak for å få forbeteringar på dei punkt som revisor har peikt på i rapporten.